# BOKN BYGDEBLAD

Nr.1 1986 årg.1

## Kystverket er ferdig ved Knarholmen i mai

LES SIDE 2



# Kystverket er ferdig ved Knarholmen i mai

Det var i første delen av september 1984 at arbeidsfolka frå Kystverket kom til Føresvik for å setja opp fundament for brakkeleiren dei seinare skulle bu i. Sjølve brakkene (14 i alt) vart opp sette til 26. september, då dei flytta inn. Utanom sjølve brakkene som dei bur i, er det matsal, opphaldsrom med TV, bad/toalett, tørkerom, telefonboks etc.

I Kystverket er det her 4 arbeidarar, 1 oppsynsmann, (Hilmar Teigen) 2 kokker, 1 reparatør og 2 som kjører masse ut på moloen.

Som sikkert mange nå har sett, er det fyllt i masse frå land og ut mot Knarholmen. Denne skal gå ca. 1 m. opp frå sjøen, pluss at det skal opp eit 1,3 m. høgt brystvern på utsida. Dette er for å verna mot ver og vind. 45 m. frå land skal Kystverket laga ein 20 m. lang kai som blir 10 m. brei og 5 m. djup.

Dersom det blir stein og masse til overs, skal Kystverket fylla opp dette ut mellom skjera i nordre del av hamna, som vist på kartet. Det vil antakeleg bli ein del overskotsmasse når ein skal rydda og planera. Kystverket si oppgåve på dette anlegget er hovedmoloen i sør pluss ovannemnde kai. Resten av planane som går fram av teikningane er kommunen sine.

Det Kystverket har gjort nå i det siste, er sprenging av masse i innseglinga og mudring. 3000 kvadratm. skal opp, og det skal leggjast i foten av moloen (skråningsfoten).
Hilmar Teigen seier til Bokn Bygdeblad at dei reknar med å vera ferdige med arbeidet sitt i midten av mai. Kaien skal då vera ferdig med to fortøyningsboltar pluss 1 på kvar ende av kaien.

Tidlegare var det snakk om å ha moloen lengre sør, slik at ein kunne få litt større hamn, men her var det så djupt at det ville bli altfor kostbart å laga han der.

Når det gjeld sjølve arbeidet med slike anlegg, så fortel Hilmar Teigen at maskinar og anna moderne utstyr har revolusjonert dette arbeidet i høve til tidlegare tider. For ca. 20 år sidan måtte ein ha vore dobbelt så mange arbeidsfolk på eit slikt arbeid. Nå er dei 10.

Utsida av sjølve moloen skal kles med stor stein (bryteblokker), og oppå moloen skal det vera eit 4 m. breidt støypt dekke.

Dei som nå arbeider ved Knarholmen kom hit frå Stolmen i Austevoll kommune. Der arbeidde dei med eit nokså tilsvarande anlegg.

Etter at dei er ferdige her i Bokn, skal dei til Golten i Sund kommune, som er på vestsida av Sotra. Der skal dei byggja molo og kai

Dei synes at anlegget her på Bokn har vore greit, og arbeidet har stort sett gått etter planen. Det har vore fint å arbeida her, og Hilmar Teigen seier at dei har følt seg velkomne her frå første dag.

Han seier at det er sjeldan at han er blitt så godt kjent med folk som her, han er blitt på fornamn med alle som bur i byggjefeltet i Føresvik.

# Bokn Avløysarlag

## FRAMHALD FRÅ DESEMBERUTGÅVA: OM FORSIKRING

Så tar vi med noko om forsikring i samband med avløysarordninga:
I samband med avløysarordninga er det reist fleire spørsmål om forsikring. Forsikringselskapet Gjensidige har tilpassa forsikringsvilkåra til avløysarordninga, og selskapet har gitt ut ein informasjonsfolder om dette. UNI forsikring har og kome med eit tilbod om forsikring for avløysarlag og -ringar. Dei fleste selskapa har enno ikkje teke avløysarordninga spesielt inn i forsikringsvilkåra. Vi rår difor den einskilde til å spørje sitt selskap om opplysningane nedanfor og gjeld deira selskap. Kapittelet er skrive ut frå opplysningar frå Gjensidige, sidan avløysarordninga er innarbeid i forsikringsvilkåra deira. Andre forsikringsselskap vi har vore i kontakt med har oftast gitt same muntlege svar på spørsmåla.

### Treng avløysaren eiga forsikring?

Som arbeidstakar bør avløysaren ha dei same forsikringar som andre arbeidstakarar, t.d. gruppelivsforsikring og ulykkesforsikring.

Dersom avløysaren blir skada er det fleire forsikringssituasjonar som kan oppstå. Skjer skaden fordi arbeidsgivaren er aktlaus, t.d. mangelfult sikringsutstyr, blir skaden dekt av ansvarsforsikringa til arbeidsgivaren. Kan ikkje nokon klandrast for skaden, kan ikkje avløysaren rette erstatningskrav mot arbeidsgivaren. Yrkesskadeforsikring vil gi erstatning utan omsyn til erstatningsansvar. Avløysaren er dekt av brukaren si yrkesskadeforsikring når brukaren er arbeidsgivar. Ikkje alle brukarar har forsikring som omfattar yrkesskade. Avløysarlaget/-ringen kan teikne yrkesskadeforsikring for avløysarane.

### Treng brukaren eiga forsikring når avløysar blir nytta?

Den kombinerte landbruksforsikringa tek med det rettslege erstatningsansvaret brukaren kan kome i som arbeidsgivar. Gjensidige si landbruksforsikring er utvida, slik at ho tek med erstatningsansvaret same korleis avløysaren er tilsett.
Brukarar med ei slik forsikring treng difor ikkje spesiell forsikring om dei er med på ei avløysarordning.

Når dette er sagt må det tilføyast at der <u>må</u> vera ei eller anna form for tilsettingsavtale mellom avløysar og bonde. Avtaleforslag får medlemmene ved å henvenda seg til Avløysarlaget.

# «RAPIDO»

NYTT DANSEBAND I BOKN

"Rapido" er det yngste av to danseband som finnes på Bokn. Det andre kalles "Felix", og er kanskje bedre kjent fra danser, fester og lokalradio.

De ca. 18 år gamle guttene i "Rapido" er:

Harry, Petter, Nanstein og Vigleik.

Petter og Vigleik går på skole på Karmøy, mens Nanstein og Harry er ute i arbeidslivet i Stavanger og Haugesund.

Alle fire er så godt som født og oppvokst på Bokn, d.v.s. at Nanstein kom hit som en 3-årig nordlending for en del år siden.

De trives alle her, for Bokn er en god plass å slappe av på i helgene. Vekk fra byens stress. Om de kunne tenke seg å bo på Bokn i framtiden er noe annet. Med bruer ja, men uten bruer blir Bokn egentlig en bakvendt plass å bo.
Hus på øya og hybel på fastlandet?
Eller pendling med 6-ferja?
Nei takk.
Bruene er viktige synes de, som har lyst å bo på Bokn med en jobb på fastlandet.

Som representanter for Bokn-ungdommen er de fornøyde med det oppussa diskoteket, som det blei skrevet om i det første bygdebladet.
"Gode greier" sier de i kor, "er mye bedre enn før. Nå går det an å sitte der - det er mer stil på det", og de oppfordrer folk til å komme. En av karene foreslår mer "fine damer".

Tross diskoteket, kunne de tenke seg en kafe på øya, en koseplass som mangler rett og slett. Kanskje mer idrettsmuligheter hadde hjulpet til også.

For vel ett år siden begynte disse 4 kameratene å lage musikk i lag. I en kryssordbok stussa de på ordet Rapido, og med det navnet blei bandet døypt.
Det begynte vel med Petter som kjøpte seg saksofon i februar i fjor. Siden har de investert 60 000 kroner i utstyr. Det er minimum for å få brukbar lyd, sier de. Ikke småsaker altså.

Nå øver de hver helg. For å gjøre det uforstyrret og uten å forstyrre "låner" de et hus av Alf Alvestad, som før blei utleid i feriene.

Sjøl synes de at de er en"god gjeng", glade i å spille.
Sjøl om spillingen skjer på hobbybasis, hadde det vært moro å ha mer konserter omkring og bli mer kjente.
Nanstein har planer om å lage en single-plate til sommeren, og er villig til å bruke alle sine feriepenger på det.

Om de blir konkurrenter til A-HA får vi se!



# På telefonen:

## VIDEO-VIDEO

Seinhøsten 1985 startet Malvin Jensen videoleie her på Bokn. Det leies foreløpig ut fra Malvin Jensens bolig i Føresvik, men det er meningen at det hele skal flyttes til Linda Jensen og Jonne Holms kiosk når denne står ferdig om kort tid.

Tilbudet består av ca. 350 filmer innenfor action, western, serier, komedier, familie- og barnefilmer. Det som går best er ifølge Jensen, komedier og familiefilmer. Det leies ut lite av voldsfilmer, og det er helst ungdom som spør etter denne typen filmer.
Malvin Jensen kunne i denne sammenhengen fortelle at aldersgrensen overholdes nøye, og at det ikke leies ut mye "stygt". Mellom 30 og 40 filmer er dessuten tatt vekk av Malvin Jensen, og leies ikke ut. Pornofilmer inngår ikke i filmtilbudet.

I tillegg til filmer - kan en også leie videospillere. Etter at utleie av filmer startet her på Bokn, er det imidlertid mange som har gått til anskaffelse av sin egen spiller.

Ettersom dette er et nytt foretagende, hadde ikke Malvin Jensen oversikt over resultatet av utleien av filmer og spillere pr. i dag, men det svarer til forventningene - og er brukbart!

# Taxi!



John Magne Lie har fått tildelt ledig drosjeløyve på Bokn. Løyvedistriktet er Bokn kommune, og løyveperioden er til 19.12. 1995.

Til drosjebil har John Magne Lie kjøpt ein Peugeot 505 Fam. Det er plass til 7 passasjerar pluss sjåfør i bilen.

For dei som skal ha tak i drosje er tlf. nr. 35 554. Dersom ein ikkje får svar på dette nr. må ein ringja 097 og så be om nr. 24 390 (mobiltlf.)

Etter at det blei allemannseige med personbil, er det fleire som har prøvt seg med taxi i Bokn. Det har vel vist seg at det har vore vanskeleg å få det til å svara seg så mykje med å driva med dette åleine, utan å ha noko i tillegg. Til det er vel folketalet for lite her i kommunen.

Kommunestyret har i eit vedtak frå mai 1985 sagt at ambulansetenesta på land må sjåast i samanheng med eit eventuelt drosjeløyve. Det er nå fylket som har ansvaret for ambulansetenesta, og som vel vil ha eit ord med i laget når det gjeld dette.

Når det nå er utdelt drosjeløyve, er det denne som skal ha all slik kjøring. Det gjeld også t.d. kjøring av pensjonistar der dei får redusert pris med 50%.

Bokn Bygdeblad vil ynskja John Magne Lie lukke til med drifta, og håper me kan ha drosje her i mange år framover.

NB! DOKTERDAG FREDAG DEN 31. JANUAR
Det blir ikkje dokterdag fredag den
31. januar p.g.a. begravelse.

I februar og vidare utover blir det
som vanleg 2. og siste fredagen i mnd.

## VAKTLISTE HEIMESJUKEPLEIEN.

MERK: På tirsdagane på dagtid utfører heimesjukepleien berre faste pleieoppdrag.
Andre som treng hjelp denne dagen, kontaktar legekontoret, tlf. 35 465.

| | | |
|---|---|---|
| Lør. 1.febr.<br>Søn. 2 | Marie Faye har vakt heile helga. | |
| Man. 3<br>Tir 4<br>Ons 5<br>Tor. 6<br>Fre. 7 | Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar untatt tirsdag, då vender ein seg til legekontoret | Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08. |
| Lør. 8<br>Søn. 9 | Eva Svendsen har vakt heile helga. | |
| Man.10<br>Tir.11<br>Ons.12<br>Tor.13<br>Fre.14 | Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar untatt tirsdag, då vender ein seg til legekontoret. | Marie Faye har vakt frå kl.06-08. |
| Lør.15<br>Søn.16 | Marie Faye har vakt heile helga | |
| Man.17<br>Tir.18<br>Ons.19<br>Tor.20<br>Fre.21 | Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag, då vender ein seg til legekontoret. | Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08. |
| Lør.22<br>Søn.23 | Eva Svendsen har vakt heile helga. | |
| Man.24<br>Tir.25 | Else Nilssen frå kl.08-16<br>Tirsdag - Legekontoret | Eva Svendsen har vakt frå kl.15-08. |
| Ons.26<br>Tor.27<br>Fre.28<br>Lør. 1.mars<br>Søn. 2 | Else Nilssen har vakt heile døgnet. | |

| | | |
|---|---|---|
| TELEFONAR: | ELSE NILSSEN | 35 338 |
| | MARIE FAYE | 35 455 |
| | EVA SVENDSEN | 35 339 |
| | LEGEKONTORET | 35 465 |

# ‹Biblioteket›




## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: $16^{00} - 19^{00}$

TORSDAG: $10^{00} - 13^{00}$

## GODT NYTT BOK-ÅR!




## -LESETIPS FOR FEBRUAR:

* Benkow,Jo
  Fra synagogen til lövebakken.1985.
* Elstad, Anne Karin:
  -for dagene er onde.1985.
* Kvanmo, Hanna:
  Derfor-.1985.
* Lillegård,LeifB.:
  Havdynastiet.1985.
* Mæland, John G.:
  Å leve med hjertesykdom. 1985.
* Rydsjö, Elsi:
  Röd er rytterens hest.1985.
* Haga, Arnfinn:
  Er det du Laurits? 1985.
* Bang-Hansen, Arne:
  Fra mitt skjeve hjörne.1985.
* Ödegaard, Ola:
  Ingen Barndom. 1985.

## NYE bøker for barn:

* Vestly,Anne-Cath.:
  Kaos Förskolegutt.1985.
* Bergström,Gunilla:
  Albert og Milla.1985.
* Reuter, Bjarne:
  Malte-liten i den store verden.1985.
* Cunliffe, John:
  PostmannPat på aketur.1984.
* Cunliffe, John:
  Postmann Pat blir veldig törst.1984.
* Sund, Torvald:
  Villmarksguten.1985.

# PRESENTASJON AV LAG OG FORENINGAR I BOKN

# I DAG: Bokn Idrettslag

Laget ble stiftet 13. januar 1972. Medlemstallet var 176 i 1985 som utgjør 23% av befolkningen.
Tor Kjell Foss er for tiden formann, og med seg i styret har han Lindy Haram, Gudny Sæbø, Jarle Larsen og Hans Faye.

Mange aktiviteter foregår i lagets regi, men langt de fleste aktive er under 17 år hvorav den største gruppen er mellom 8 og 12 år. Lagets viktigste oppgaver dreier seg derfor om idrettsarbeid for barn.

Målsettingen er å sørge for at tiltakene skal fremme barnas utvikling og modning, og bidra til å skape varig interesse for idrett og idrettsaktivitet. En prøver videre å legge særlig vekt på variasjon og allsidighet i arbeidet.

Som i de fleste idrettslag er vårt største problem instruktørmangel. Laget har god støtte fra foreldre og ungdom, men disse har ikke alltid den nødvendige kompetanse. Stor entusiasme hos dem som har påtatt seg instruktøroppgaver gjør det likevel mulig å holde arbeidet igang.

Generelt vil idrettslaget peke på viktigheten av fysisk aktivitet for alle aldersgrupper som ledd i forebyggende helsearbeid. Sett i et slikt perspektiv burde idrettsarbeidet i kommunen opprioroteres betydelig.
Hvorfor skulle man ikke kunne knytte til seg fast instruktør med faglig ansvar for idrettslige aktiviteter på alle nivåer?
Det er nok å vise til at musikkopplæringen i kommunen blir ivaretatt av fagfolk. Samfunnsmessig burde det være vel så viktig at innbyggerne også kunne få tilbud om å lære å ta vare på sin egen kropp.
Idrettslaget oppfordrer politikerne til å drøfte spørsmålet.

Til slutt vil en vise til aktivitetene laget arrangerer og vil stå ansvarlig for utover våren og høsten:

Barnetrimmen foregår hver onsdag mellom kl.16.00 og 17.00.
Instruktør er May Elisabeth Alvestad og Marit Elin Våge.

Friidrettstrening foregår hver mandag fra kl. 17.00 til 19.00.
Instruktører er Tor Kjell Foss og Jarle Larsen.

Fotballtrening for "minipiker" og "minigutter" foregår hver tirsdag fra kl. 17.15 til 19.15.
Instruktør er Steinar Bergsvik.

Fotballtrening for smågutter foregår hver onsdag
Leder er Olav Haga.

Volleyballtrening for unger foregår hver torsdag kl.19.00 til 20.00.
Leder er Olav Haga.

BOKN IDRETTSLAG - forts.

Dametrimmen foregår hver tirsdag kveld.
Leder er Ingrid Jøsang.

Volleyballtrening for voksne foregår hver torsdag kl.20.00 til 22.00
Leder er Olav Haga.

Småguttelaget i fotball er påmeldt i serien som starter i mai. Foreldre vil bli tilskrevet senere med anmodning om å følge på lagets reiser.
På idrettssektoren vil det tradisjonelt bli arrangert klubbmesterskap i friidrett og terrengløp.
Laget vil prøve å arrangere spesielle turmarsjer foruten vanlig Norgesmarsj og kanskje Romjulsmarsj.
Det vil bli tilbud av lørdagsdanser og muligens også nytt dansekurs.

En vil særlig gjøre oppmerksom på at alle som har fylt 17 år kan avlegge idrettsmerkeprøver. Disse vil bli arrangert i løpet av våren og høsten.
Til deg som ikke har forsøkt tidligere: Møt fram og prøv ferdighetene dine. Kravene er ikke vanskelige!

Laget ønsker å komme i kontakt med personer som har tanker og ideer om hvordan lagets aktivitetstilbud kan utvides og aller helst ønsker man å høre ifra instruktører til noen av de nevnte aktiviteter.

Tilslutt vil laget oppfordre alle gamle medlemmer fra 1985 om å fornye sitt medlemsskap og selvfølgelig ønsker en nye medlemmer velkommen. Laget vil gjøre oppmerksom på at alle aktive må være medlemmer.

Med hilsen

BOKN IDRETTSLAG
Hans




# Liten innsats gir stor gevinst

**Både teori og praksis viser at den fysiske innsatsen er beskjeden i forhold til den helsemessige gevinsten regelmessig fysisk aktivitet gir.**



# På telefonen:

## BOKN PLAST

BOKN BYGDEBLAD var nysgjerrig etter å få vite litt om situasjonen på BOKN PLAST nå på nyåret -86.

Driftsleder Gunnar Eide kunne over telefon berette følgende:

BOKN PLAST har i dag 20 ansatte,og en opererer for tiden med 2 skift - formiddag og ettermiddag.
Foruten de tradisjonelle septiktankene og gjødselsprederene, har en i det siste jobbet med å lage store ørretkar eller bassenger til fiskeoppdrettsnæringen. En har nettopp levert en større ordre av latriner til utviklingsland i tillegg til vanntanker. Produktene leveres både til Norge og utlandet, og en kan også levere enkle ting på oppdrag. En har f. eks. nettopp hatt et samarbeid med eksportavdelingen hos Block Wathne.




Gjødselsprederene går godt nå, mens septiktankene ligger på et lavere nivå ordremessig.

Produksjonen av spesialtanker og større tanker har økt, og ordrekatalogen for 1986 ser i følge Eide - svært bra ut!

## Bokn pensjonistforening

I presentasjonen av Bokn Pensjonistforening var det kome inn ein liten feil i det sist utkomne bygdebladet. I slutten av artikkelen skulle det ha stått:
DU TRENG IKKJE HA NÅDD PENSJONSALDEREN FOR Å BLI MEDLEM.
Og det er vel ei oppklaring som er vel verdt å ta med!

# FASTLANDSSAMBANDET

I det første kommunestyremøtet i 1986 skal Hovedplan for ferjesamband over Boknafjorden handsamast som sak 2.
For kort tid sidan fekk kommunestyrerepresentantane orientering om saka frå to representantar frå Vegkontoret.
Her er eit samandrag av det som vart framlagt frå Vegkontoret:

Planane for dette prosjektet vart utarbeidd våren 1984 til 1985, og lagt fram til offentleg ettersyn sommaren/hausten 1985. Planen vart sendt kommunestyra i Bokn og Tysvær i januar 1986. Han blir sendt til fylkessamferdselsstyret til orientering i februar 1986, og til godkjenning i Vegdirektoratet i februar/mars 1986.

INNKOMNE MERKNADER

Alle statlege/kommunale organ støttar Vegsjefen sitt forslag, med unntak av museet.
Privatpersonar har ein del innvendingar.

GENERELT OM VEGEN

Når det gjeld Ognøy, så vil Vegkontoret leggja vegen på austsida, men planen endar vel opp med vestsida p.g.a. planlagde industriområde i aust. Ein tunnel gjennom Håklepp vil skjerma ein del område på Austre Bokn for trafikk. Fylkesvegen på Austre Bokn vil gå under den nye vegen. Tåganes er planlagt som reserveferjeleie.

Når det gjeld vegen gjennom Alvestadkroken, vil ein leggja han noko lengre vest enn tidlegare planlagt, slik at han kjem lengre bort frå det nye bustadfeltet i Alvestad Sør. Gjennom det sentrale området av Alvestadkroken kor vegen vil kryssa eksisterande fylkesveg og gå nært ein del bustader, kan ein setja opp støyskjerm eller byggja opp ein voll langs vegen. Den nye vegen vil gå under eksisterande fylkesveg til Alvestadkroken.
Vegkontoret meiner at det bør leggjast eit kryss kor trafikantar kan kjøra av og på den nye vegen i Alvestadkroken, mens generalplannemnda i Bokn meiner at dette bør sløyfast her, og leggjast til området ved Knarholmen, så vil ein sleppa mange av dei ulempene eit slikt kryss vil føra med seg i Alvestadkroken.
Vegvesenet har dessutan gått inn for at på den siste strekningen langs Arsvatnet, bør eksisterande veg og den planlagte nye vegen vera ein felles veg, der trafikantane kjører på og av i to T-kryss. D.v.s. at ein må inn på den nye vegen for å koma til Are.

Når det gjeld bruene, er høgda i Frekasundet planlagt til 7 meter, Ognøysundet 15 meter og Boknasundet 25 meter under bruene.

Frå Vegkontoret vart det opplyst at dersom alt går etter planane, kan ein starta opp med arbeidet på sjølve anlegget (med maskinar) rundt årsskiftet 1987/88 eller litt før, og vera ferdig med alt i juni 1992. På litt sikt kan det bli tale om at ferjestrekninga blir frå Rennesøy til Bokn når Rennesøy har fått fastlandssamband.

Saka skal opp i kommunestyret fredag den 31. januar.

# MELDINGAR

## Sönd.skule på Bokn skule

Velkommen til søndagsskule desse søndagane kl. 10.00 - 10.45:

12. og 19. januar.
2. og 9. februar.
16. og 23. mars.
13. og 27. april.
4, 11.og 25. mai.
1. og 15. juni.

## Lese/skrivevanskar?

Har du lesevanskar eller skrivevanskar?
Det er nettopp sendt ein radio- og TV-serie om dette.. Har du slike problem, kan du kontakta Svein Vea, tlf.35 454. Han er kontaktperson i vår kommune når det gjeld dette, og eventuelle henvendelser vil bli konfidensielt behandla.

## Pröver/resepter

Prøver som leveres på legekontoret, f.eks. urinprøver, skal det betalast kr. 10,- for. Fornying av reseptar er gratis.

## Fotpleie

Ein minner om at det er fotpleie fredag den 7. februar. Påmelding til sosialkontoret, tlf. 35 532.

BOKN BRASS ARR. KARNEVAL/DANS LAURDAG DEN 8. FEBRUAR PÅ BOKN SKULE

I redaksjonen: Marieke Alvestad, Tove Steingildra og Reidar Alvestad.

Me håper at lag og foreningar, offentlege etatar, privatpersonar og alle som vil spreia informasjon om ulike aktivitetar, hendingar o.s.v. vil ta kontakt med oss, ring gjerne til sosialkontoret . Me meiner det er mykje som burde koma i bygdebladet som me ikkje får tak i. Stoff bør vera oss i hende rundt ca. 20. februar. Neste blad kjem ut i månadsskiftet februar/mars.